Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Buskerud
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Krødsherad
Emne: Lauving | Bygdelag: — » —
Oppskr. av: Truls G. Opsen | Gard: Opsen
(adresse): p.t. Flattum, Vikersund | G.nr. 221 Br.nr. 1-2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Lauv som rispes av trærne.

1. På mindre bruk, med 2-3 kyr, driv dei ennå med lauving, mest i vår.

På større gardar er det slutt med lauving. Da dei tok til med nye driftsmåtar, med betre reidskap til å arbeida jorda med, slutta med vårbeiting og tok til med vekselbruk og bruk av kunstgjødsel, vart det forbi med å sanke hjelpefôr. Nå fekk dei høy nok og berga seg til.

Under siste verdenskrig var det nok dei som måtte ty til lauvet, da dei måtte tvangslevera både høy, halm og korn.

I Ytre Krødsherad veit eg kan det vart slutt med lauving så ikring 1900.
I Øvrebygda, med sine mindre bruk, brukar somme enda å lauve, særleg til sauene.

2. Rispinga tok til så ikring Olsok. Da var lauvet so fast at det gjekk an å få turka det på bakken. Det var av dei fyrst rispa, både i innmark og utmark; da helst unge trær som dei nådde i og kunde

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1616

bøyja ned. Svartorlauv vart rekna for å vera lite godt.

Ask, osp, raun vart sanka etter slåtten, mest på haustparten. Da dreiv dei og på med kjerving av bjørk og osp.

Lauving var namn på risping og kjerving; men mest på det siste.

3. Til lauving vart bruka lauvkniv, sigd eller eit brot av ei sigd, der odden var broten av. Den vart kalla lauvhakke eller kjervehakk. Til å bøyja ned kvistene med brukte dei ein bøyjekrok.

Ask og raunelauv vart plukka med handa. Det heitte: å rispe av, selje, bjørk og osp, men å pela: raun og ask.

Same staden finst det lind. Den vart rispa.

For å vara handa, hadde dei ein hanske av skinn, med fingertuppane fri. Den vart kalla rispevotten.

4. Som nemnt var det ungtrea dei rispa. Da det var ann å gjera å ha god rispar-skog, var dei redde for den. Det gjeldt fyrst og fremst selja. Seljekallane var dei sers varsame med. Av dei fekk dei det beste lauvet. Det var godbiten til kyrne når dei hadde kalva, og dei hadde det for seg sjøl i underlåven, saman med høy.

Var det bjørker med lengjande ris og frodig lauv, vart dei ikkje nedhogne, men kylt. Når det lei om eit 3–4 år, var greinene vaksa ut att og da vart dei kylt på-ny. Slike kylletrær stod gjerne

1616
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

innagjerdes, og det var eit vakkert syn å sjå, og vart högt vyrda.

5. Lauvet hadde dei i lauvkeipen, men dei hadde gjerne ein lauvpose dei reipa i og bände i beina. Når ho var full, bar dei henne til turkoplassen, der lauvet vart reiva godt opp og lagt i haugar. Elles hadde det lett for å brenne. Var det fint vêr, vart det breidt fint utover og vendt (kådd) fleire gonger om dagen. Når kvelden kom, vart det råka saman i större haugar. Neste dag vart det igjen breidt utover og slik med, og det var gjerne so turt at det kunde tas inn. Dei bar det gjerne i eit sengklede og la det i ela, i underlåven, i fyrste högd under treskelåven.

Dei reipa i alm. 2 lunner i åkta, og det var ei æressak å ha underlåven full av lauv. Kjeringar gjekk gjerne og kikka i underlåvane til kvarandre for å sjå kakkens hadde vore flinkast.

Bjårka vart for meste kakkelauva eller kjørva. Til kakkelauving vart gjerne nedhogge större trer, med fint, linjent ris og lauv.

Med lauvkniv eller kjerrekøkk vart dei ytterste kvistane avhogne (ogkappt) i haugar, som vart kjört heim og turka på turkovallen. Det vart ikkje så sterkt turka som lauvet, men halta på, så det skulde halde seg mjukt og ikkje mugne. Det vart lagt for seg sjöl, helst i underlåven. Var det uturt vêr, tolde ikkje kakkelauvet å leggja lenge i haug. Da vart det hesja på vanleg måte i alm. hesjer.

Kjørvinga av bjørk og osp gjekk for seg etter

1616

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

slåtten. Småkjørka etter jord- og åkerkantar vart hogne med og kjørra, i større og mindre kjørv. Dei mindre vart bruka til kyrne, som fekk kvar sitt, dei større til sauene.

Kjørva vart bore eller kjørt heim om kvelden og sett til turk i løve- og fjøskular, under stabbur eller etter husveggar, og der stod dei til dei var turre og kunde innberast og lagt i stål.

Kjørva vart rekna i hundratal. Det vanlege var ein ca. 1000 kjørv til alm. gardar. Vanleg ålag var 100 kjørv i eit mannsarbeid for kvegen.

Løvlaup har eg ikkje hørt om her i bygda.

6) Som ovafor nemt bar eller kjørte dei kjørva heim om kvelden. Når dei gjekk heim til måls, tok dei gjerne ei bør med seg. Bandet som kjørva var bundne med, var gjerne so langt at dei fekk tak i det, saman med andre. På den måten kunde ein mann få med seg eine 10 store kjørv, medan det var ljost enno.

Har hørt om at dei laga „dunning“ (dugnad) på lauving i eldre tid.

7. Før i tida da det var alm. å hogge bråte i utmarka, var det lauving der, serleg rispning or or. Den hadde lett for å renne opp i slike bråter. Men no da er slutt med det, er det også forbi med lauving i utmark.

Det var kvinnfolka som rispa, mens kjørving og hakkelauving var karsarbeid.

8) Lauvet fekk gjerne rom i underløven. Kjørv og hakkelauv var lagt på faratauen.

1616

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kjerr- og hasselauv vart mest bruka fyrst på vinteren, da det var mjukt og linjint.
Kyrne fekk kvart sitt kjerv for dagen, og dei åt opp alt, både lauv og kvist.
Sauene fekk gjerne 2 kjerv om dagen. Det vart spreidd ut på tallen i sauehuset. Dei pela lauvet av, og kvisten vart sanka saman og kasta ut.

9. Selje- og rognelauv vart rekna for å vera best. Når kyrne hadde kalva, fekk dei dette lauvet, saman med hå og litt for. Dei fekk lite og inkje mjøl i eldre tid

10. Mor mi ripa almelauv t fasklidet sitt og gav grisen. – Men alm er sjelden i Kvitherad.

4. Samlauving har eg ikkje høyrt om her.

B. Lauv som rakast på bakken.

1. Slikt lauv kallast ráslauv.

2. 3. Det var serleg råslauv av ask som vart
4. raka saman og bore heim, helst i eit segeklæ.
5. Det var kvinnor som gjorde dette arbeid.
Oftast vart dette lauvet brukt til strøy.

6) Va det vart mindre mengder, vart det gjerne breidd utover ein stad der det var ope, så det kunde blåsa på det.

7) Dyra fekk det i sørpa, saman med hagmo og vrelauv. Det vart salta på og overhelt med varmt vatn. I eldre tid hadde dei innmura bryggepanne, med fyring, i kvart fjøs.
No er det for lengst slutt med det.
Kyrne fekk óre, bjørk, rogn og aspelauv og hasselauv. Sauene fekk kjerva.

8. Råslauvet vart rekna for same fyll, med mindre næring.

9. Det var nødfor. Trur ikkje det vart bruka siste verdskrig.

1616
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING